



**Nord- Etnedal sokneråd**  
**MØTEPROTOKOLL**

Tid: **Tysdag 16. april 2024, kl. 18.00**  
Stad: **Kyrkjestogo, Nord-Etnedal kyrkje**

Tilstades: Oddveig Bergsbakken, Elin Hestekind, Turid Hagaseth Byfuglien, Thor Olav Hjelleset, Solfrid Skogstad og sokneprest Marit Slettum  
Diakon Solgunn Vårlid Stensæter deltok også.

Fråfall: Oddvar Bergsbakken

**Drøftingssaker/orienteringssaker:**

- Diakon Solgunn Vårlid Stensæter orienterte om arbeidet sitt og gjekk gjennom diakoniplanen frå 2022 med nye tankar og endringar. Når den nye planen er klar, vil soknerådet få denne til godkjenning.
- Solgunn er positiv til å stille opp og hjelpe oss dersom vi vil prøve med hyggetreff/åpen dag i kyrkja vår.
- Trosopplæringsmedarbeidar Helena Wright kunne ikkje møte, så hennar orientering kjem seinare.
- Brannøving i kyrkja vår – Turid avtalar med kyrkjetenaren om dag og tid.
- Beredskap – gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Tidene endrar seg. Sjølv om vi kjenner oss trygge for slike hendingar, må vi vere vakne og ikkje naive!

**SAKSLISTE**

**Sak 6/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**Vedtak:** Innkalling og saksliste godkjent.

**Sak 7/2024 Godkjenning av møteprotokollane frå 14. februar 2024**  
**Vedtak:** Møteprotokollane frå 14. februar vart godkjende, men med eit spørsmål om nokon hadde sagt ja til å stille opp i dåpsopplæringsutvalet. Elin hadde spurt Kari og Svein Bergsbakken, men ikkje fått endeleg svar. Ho spør ein gong til.

**Sak 8/2024 Rekneskapen for 2023 må godkjennast og protokollførast at er godkjent**  
**Vedtak:** 2023-rekneskapen godkjent. Ynskjeleg med revidering av rekneskapen for 2024.  
Forslag om å spørja Halgeir Ruud om han vil ta jobben. Oddveig spør.

**Sak 9/2024 Gudstenester og takkoffer i perioden juli - september 2024**

**Vedtak:** Gudstenestelista vart godkjent som vist i vedlegget.

Ansvarleg soknerådsrepresentant:

18.august: Turid

29.september: Thor Olav

**Sak 10/2024 Strategidokument for Hamar bispedømme**

**Vedtak:** Soknerådet tek saka til orientering.

**Sak 11/2024 Dugnadsarbeid**

**Vedtak:** Vi bør avvikle dugnaden før samtalegudstenesta 29.mai - dersom snøen er borte og dette er gjennomførbart.

Ute må det rakast og pyntast. Det bør plantast i urnene. Solfrid samrår seg med Oddbjørg L. Hagaseth og kjøper inn jord og blomar.

Det skal også til reingjering inne, særleg på toalettet og i sakrestiet.

Forslag frå Turid om å gjera litt ekstra ut av dugnaden og servere lapskaus.

Elin spør Laila Hestekind om å lage denne. Soknerådet betalar råvarene og litt til Laila for jobben.

**Sak 12/2024 Blomsterhelsingar**

**Vedtak:** Vi får teke nye bilder og kjem attende til om innhald/utsjånad elles skal endrast. Forslag om å få Halgeir Ruud til å ta denne oppgåva også.

Oddveig spør. Kanskje vi vil ha eit «innebilde» også?

**Sak 13/2024 Samtalegudsteneste 29.mai i Nord-Etnedal kyrkje**

**Vedtak:** Soknerådet serverer kaffe/soft og kaker etterpå.

Elin tek ansvar for å bestille kaker på Joker og kjøper pappasjettar, krus og serviettar samt kaffe og soft. Påmeldingsfrist til Marit innan 21.mai - som gir antalet vidare til Elin.

**Sak 14/2024 Eventuelt**

- Jfr. Diakoniplanen – åpen dag i kyrkja/hyggetreff?

- **50-årskonfirmantopplegg:** Servering/middag.

**Vedtak:** Eigenandel: kr 300. Soknerådet betalar resten.

- **Konfirmasjonsdagen 9.juni:**

Tradisjon at konfirmantane får diplom og helsing frå soknerådet.

Dette tek Turid eller Thor Olav ansvaret for.

Konfirmantane får også ei langstilka raud rose når dei kjem ut på kyrkjetrammen (– før fotografering!)

Turid kjøper rosene, 6stk.

**Neste møte vart ikkje bestemt.**

**Turid Hagaseth Byfuglien**  
Leiar

**Solfrid Skogstad**  
Referent